

... i trygge rammer

## Vekst

Det vert investert mykje for å gjere Seljord til ein god stad å bu. Levande grender med skular og barnehagar, god helseteneste og eldreomsorg. Du finn både folkehøgskule og vidaregåande skule her. Med aktivitetsarenaer rundt om, er vi godt skodde for framtida.



det gode liv



## Natur

Vi kan friste med fjell, vatn, skog og myr. Mange naturstigar, skiløyper, badestrender står til din disposisjon. Det store mangfaldet i naturen kan gje deg opplevingar du aldri vil gløyme.

... nyt stillheten



## Fakta

Seljord ligg midt mellom aust og vest; 177 km frå Oslo, 282 km frå Haugesund 65 km frå Notodden og 30 km frå Bø. Seljord sentrum er eit trafikknutepunkt med ekspressbussar som syter for god kommunikasjon med omverda, t. d. Oslo, Bergen, Grenland og Torp.

Kommunen er 711 km<sup>2</sup> stor og har i underkant av 3000 innbyggjarar.

Adresse:  
Seljord kommune  
Brøløsvegen 13A  
3840 Seljord, Norway

E-post: [post@seljord.kommune.no](mailto:post@seljord.kommune.no)  
Telefon: 35 06 51 00  
Faks: 35 06 51 10

[www.seljord.kommune.no](http://www.seljord.kommune.no)



Seljord Kommune

... med auge for Seljord

Informasjon til alle som  
ynskjer å etablere seg i bygda



## Kultur

Seljord er rik på kultur. Her er det segn, soger, mystikk og ein berømt sjøorm. Vi har regionalt kulturhus, utøvande kunstnarar og handverkarar, eit aktivt folkemusikkmiljø, ein allsidig kulturskule, kunstutstillingar, galleri og festivalar. Dyrsku'n er landets aller største årlege landbruksmesse med 80.000 besøkande kvart år. Vi har rundt 55 ulike lag og foreningar. Tilskodar eller deltakar – ditt val.



... gjev inntrykk



nykkelen til

## Fritid

Det er di tid og du kan bruke den slik du vil.

Du kan vera med på arrangement og aktivitetar i eit allsidig regionalt kulturhus med bl.a. kino/konsertlokale, idrettshall og musikkbinge. Seljord har fleire aktive grendehus, skianlegg, idrettsbanar, ballbingar og aktivitetstilbod spreidde over heile kommunen – Åmotsdal, Flatdal og Seljord. Jakt og fiske, trim og trening, kafé eller fottur...

... det er di tid...





... vi treng dine evner og din kompetanse!

## Bedriftsetablering

Har du ynskje om å starte eiga bedrift eller flytte bedrifta di til Seljord, har vi eit godt apparat som vil hjelpe deg på veg. Vi ynskjer å ha aktive bedrifter som skapar arbeidsplassar og dermed vekst i området. Kommunen kan by på tilskot og rettleiing ved etablering av verksemd i kommunen.



## Arbeidsliv

Seljord er handelssenteret i Vest-Telemark og har eit variert næringsliv med mange ulike bedrifter og arbeidsplassar. Aktive grender og eit moderne sentrumsmiljø gjev grunnlag for ein spennande arbeidsmarknad. Saman med kommunale, regionale og statlege tenestetilbod, vil du finne eit mangfald av arbeidsplassar.

## Levande stader

Ei urban bygd med gode band mellom sentrum og bygdene omkring. Her finn du både by og bygd, fjell og vatn innafor ein times køyring. Her er byggjeklare tomter og trivelege bustadfelt, trygge oppvekstvilkår med godt utbygd barnehage- og skuletilbod, god plass og gode nærmiljøanlegg.



## Ja-kommune

Seljord er ein JA-kommune som har låg terskel til kommuneadministrasjonen. Seljord kommune er bevisst kvalitetane sine og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide i og besøke.

Ta kontakt!

Besøk nettsida vår for meir informasjon:

<http://www.seljord.kommune.no>

